



Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

Rapport etter kontroll - Tilsyn 2025 - Sauda - kommunetilsyn - aksjon utsortering og innsamling av avfall

Denne rapporten omhandlar forhold som blei avdekka under digitalt tilsyn hos Sauda kommune 23.10.2025.

Rapporten består av følgende delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar. Nærare forklaring er gitt i del 2.

Statsforvaltaren avdekka avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren avdekka følgende avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Kommunen si hytterenasjon er mangelfull
- Avvik 2: Kommunen kan ikkje dokumentera at avfall blir levert til førebuing for ombruk eller materialgjenvinning
- Avvik 3: Kommunen si handtering av park- og hageavfall må forbeistrast

Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov. Sauda kommune må snarast rette opp avvik.

Statsforvaltaren har merknadar

Merknad er eit forhold som me meiner er naudsynt å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

- Merknad 1: Kommunen si ordning for glas – og metallemballasjeavfall kan forbeistrast



Varsel om pålegg om retting etter kommunelova § 30-4

Statsforvaltaren vurderer at dei avvika som er påpekt i denne rapporten krev vidare oppfølging. Vi varslar difor at det vil bli gitt pålegg om retting.

Vi ber Sauda kommune sende ei skriftleg tilbakemelding til Statsforvaltaren innan **24. mars 2026**, som viser korleis avvik er retta.

Pålegg om retting vil bli gitt med heimel i kommunelova § 30-4.

Kommunen har høve å komme med merknader til dette varselet innan to veker frå mottak.

Me ber om tilbakemelding frå dykk på epost

Me ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfropost@statsforvalteren.no. Merk svaret med saksnummer 2025/12345 og tilsynsnummer 2025.086.I.SFRO.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Kommunen si hytterenasjon er mangelfull

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) §§ 10a-4 og 10a-5

Forklaring av krav

Kommunen skal sørge for innsamling av matavfall, plastavfall, papp- og papiravfall, og glas- og metallemballasjeavfall frå hushald, inkludert hytter.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Hytteabonnentar leverer avfall til miljøstasjonar for hytterenasjon plassert 15 stader i kommunen. Først har desse stasjonane mottak av restavfall, papp og papir, og glas- og metallemballasje. Det finst ikkje ei ordning for levering av matavfall eller plastemballasje for hytteabonnentar.

Kommunen har planlagt ei utbetring av hytterenasjonen. Dette omfattar færre, men betre miljøstasjonar som er under tak, stengde av, og har moglegheit for levering av alle fraksjonar. Først er det planlagt ein ny stasjon i løpet av 2026, som skal erstatte fem av dei nåverande stasjonane.

Avvik 2: Kommunen kan ikkje dokumentera at avfall blir levert til førebuing for ombruk eller materialgjenvinning

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 10a-6 og § 10a-7

Forklaring av krav

Kommunen skal syte for at utsortert avfall, jf. § 10a-4, blir levert til førebuing for ombruk eller materialgjenvinning. Kommunen skal og ha kunnskap om og dokumentasjon på mengdene som blir leverte til førebuing for ombruk eller materialgjenvinning.



Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Sauda kommune har inngått avtale med transportør for matavfall, plastavfall, papp/papir og glas- og metallemballasje. Basert informasjonen som vart lagt fram på tilsynet, kan ikkje kommunen dokumentere tilstrekkeleg at utsortert avfall blir levert til gjenvinning. For plastavfall og papp/papir viser fakturaen levering til eit mellomlager, ikkje til eit behandlingsanlegg.

Avvik 3: Kommunen si handtering av park- og hageavfall må forbetrast

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 10a-6 og § 10a-7

Forklaring av krav

Kommunen skal syte for at utsortert avfall, jf. § 10a-4, blir levert til førebuing for ombruk eller materialgjenvinning.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Sauda kommune har sidan 2023 mottatt og handtert park- og hageavfall sjølv på miljøparken. Avfallet blir kverna og lagra for ein slags kaldkompost. Det kverna hageavfallet har vore nytta som dekke eller til utfylling i kommunen.

Park- og hageavfall blir ikkje registrert inn med vekt på miljøstasjonen. Kommunen har tal for mengda frå sist gong det vart kverna i 2024, men nyttar ein berekning på mengde for dei andre åra.

For at behandling av park- og hageavfall skal reknast som materialgjenvinning, må det gjennom ein fullstendig prosess slik at komposten kan nyttast som jordforbetringsprodukt. Oppkverna hageavfall vil etter vår vurdering ikkje oppfylle krava til å ha slutta å vera avfall i forureiningslova § 27, då kvaliteten er ukjent og ikkje erstattar anna råmateriale.

Bruk av kverna hageavfall kan berre godkjennast dersom det blir nytta til eit bestemt formål og oppfyller krava i forureiningslova. Alternativt kan det behandlast i ein fullverdig komposteringsprosess.

Merknad 1: Kommunen si ordning for glas – og metallemballasjeavfall kan forbetrast

Kommunen har førebels ei bringeordning for glas- og metallemballasje. Kommunen opplyser at returpunkta er plassert sentralt og skal ikkje være meir enn fem minutt køyring frå innbyggjarane.

Glas- og metallemballasje kan ha bringeordning dersom det er vurdert etter avfallsforskrifta § 10a-5. Kommunen kunne ikkje leggje fram skriftleg vurdering av bringeordninga og val av bringepunkt. Sauda kommune har bestemt å utvide renovasjonstilbodet med henteordning for glas- og metallemballasje i 2026.

Del 3: Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova blir følgde. Heimelen vår for tilsynet er forureiningslova § 48a og kommunelova § 30-2. Rapporten gir ikkje ei fullstendig vurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen i Sauda kommune.

Tilsynet er ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen for utsortering og innsamling av hushaldsavfall etter avfallsforskrifta kapittel 10 a del II.



Frå Statsforvaltaren deltok:

- Linn Berge Vormedal
- Elisabeth Time Ellingsen

Frå Sauda kommune deltok:

- Øyvind Ljung
- Per Arvid Haga

Anlegg kontrollert

Følgande anlegg tilhøyrande Sauda kommune vart kontrollert:

- Sauda kommune anleggsnr.: 1135.0021.03

Tema kontrollert

Følgande tema knytt til farleg avfall blei kontrollert:

- Utsortering og innsamling av avfall
- Statistikk og levering av avfall

Regelverk

Tilsynet omfatta følgande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensingslova) med underliggende forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova)

Framlagt dokumentasjon

Framlagt dokumentasjon som ble nytta for å verifisere faktiske forhold under tilsynet:

- Presentasjon frå Sauda kommune
- Avtale og faktura frå nedstraums løysning
- Informasjon om planendring

Del 4: Annan informasjon

Andre forhold

Generelt:

Sauda kommune har ansvar for innsamling og utsortering av hushaldsavfall for innbyggjarane sine. I 2025 er det ei henteordning for matavfall, plastavfall, papp/papir og restavfall. Førebels er det ei bringeordning for glas- og metallemballasje til sentrale punkt i kommunen, men det er planlagt overgang til ny henteordning i 2026. Park- og hageavfall og tekstilavfall kan leverast på Birkeland Miljøstasjon.

Tekstilavfall

Tekstilavfall blir samla inn på miljøstasjonen. Det blir gått gjennom, og tekstilar som kan ombrukas, blir sorterte ut. Det som står att, blir førebels levert til forbrenning. Det er førebels få moglegheiter for gjenvinning av tekstilavfall, då kapasiteten er låg og kostnadene høge.



Statsforvaltaren kjenner til utfordringane med tekstilavfall og forventar at kommunen held fram med å vurdere nedstraums løysingar for å oppfylle det nye kravet om materialgjenvinning av tekstilavfall.

Utsorteringsandel

Sauda kommune har data på avfallsmengder, men har førebels ikkje berekna utsorteringsandel for dei ulike avfallsfraksjonane. Det følgjer krav til kunnskap og dokumentasjon i kapittel 10a-7 i avfallsforskrifta, og vidare krav til oppnådd utsorteringsandel med fristar i § 10a-4. Det første kravet er 55 % utsorteringsandel for matavfall innan 2025.

Vi viser til Miljødirektoratet sin rettleiar, som gir nærare føringar for gjennomføring av berekningane. Plukkanalysar kan brukast i berekninga av utsorteringsandel for å få betre statistikk: [Veileder: Utsorting og materialgjenvinning av avfall fra husholdningene \(veileder for kommuner\) - miljodirektoratet.no](https://veileder.miljodirektoratet.no/utsorting-og-materialgjenvinning-av-avfall-fra-husholdningene-veileder-for-kommuner)

De har anledning til å kommentere rapporten

De har anledning til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via Statsforvaltaren sin postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentleglova.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Elisabeth Time Ellingsen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent